



Magne Rifsgård
Ådlandsvegen 870
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2248 - 16/18793

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

30.09.2016

Mangelsbrev - GBNR 38/1 - Søknad om oppretting av grunneigedom - Ådland

Vi viser til søknad om løyve til oppretting av grunneigedom på gbnr. 38/1, journalført motteke 20.9.2016.

Arealdelen til kommuneplanen (KPA) stiller krav om 1 parkeringsplass for bil pr. naust, jf. føresegn 1.6.9 tab. 4 til KPA. I søknad om frådelling har de lagt fram erklæring om rett til parkeringsplass på gbnr. 38/62. I tillegg må det søkjast om å opparbeide parkeringsplassen. Dette er eit eige tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav l), og er søknadspliktig etter pbl § 20-2.

Eigedomen som naustetomten skal ha parkering på er satt av til landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF-område) spreidd bustad. Ettersom eigedomen ikkje er bebygd, vil opparbeiding av ein parkeringsplass vere i strid med LNF-formålet. Det må difor også søkjast om dispensasjon frå LNF-formålet for etablering av parkeringsplassen, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

Viss etablering av parkeringsplassen inneber eit vesentleg terrenginngrep, må ein ansvarleg søkjar søkje, jf. pbl § 20-3.

I tillegg må det søkjast til Statens vegvesen om utvida bruk av avkjørsel frå Fv245, jf. pbl § 27-4. Statens vegvesen må gje løyve før kommunen kan handsame ein søknad om opparbeiding av parkeringsplass.

Når det gjeld sjølve naustetomten må det vere sikra tilkomst i form av tinglyst gangrett, jf. pbl § 27-4. Kven som må gje vegrett er avhengig av kvar tilkomsten skal vere.

Med helsing

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Magne Rifsgård
Rune L. Skår

Ådlandsvegen 870 5918
Ådlandsvegen 905 5918

FREKHAUG
FREKHAUG